



Johan Henrik Flatøy  
Solberget 7  
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1437 - 19/16465

Saksbehandlar:

Hanne Marie Evensen

hanne.marie.evensen@meland.kommune.no

Dato:

02.08.2019

## Godkjenning - GBNR 1/3 - Løyve til arealoverføring - Flatøy

**Administrativt vedtak. Saknr: 165/2019**

**Tiltakshavar:**

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak

Tiltakshavar, Johan Henrik Flatøy, har søkt om løyve til overføring av areal på om lag 292 m<sup>2</sup> frå gbnr. 1/3 til gbnr. 1/263, jf. pbl § 20-1 bokstav m).

Gbnr. 1/3 er matrikkelført med eit areal på om lag 153 033 m<sup>2</sup>, og Johan Henrik Flatøy er registrert som eigar.

Det vert elles vist til søknad motteken 20.06.2019.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 20.06.2019.

### VURDERING

#### Nabovarsling

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3, men kommunen finn ikkje grunnlag for å krevje nabovarsling ettersom tiltaket i lita grad får verknad for naboar.

#### Lov- og planstatus

Oppretting av grunneigedom er «tiltak» etter pbl § 1-6, og er søknadspliktig etter pbl § 20-4, jf. §§ 20-2 og 20-1 bokstav m). Videre følgjer det av pbl § 26-1 at «[o]pprettelse av ny grunneiendom (...), eller endring av eksisterende eiendomsgrensar, må ikkje gjøres på en slik måte at det oppstår forhold som strider mot denne lov, forskrift eller plan.»

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt


www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Det omsøkte arealet er gjennom Reguleringsplan for Flatøy Vest, planid: 125619890001, regulert til forretningar/service. Arealoverføring som omsøkt er i samsvar med regulert arealformål og kan difor godkjennast, jf. pbl § 26-1.

Utsnitt av omsøkt areal (markert med blå skravering, kun området der pilen peker):



#### **Dispensasjon**

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

#### **Tilknytning til infrastruktur**

Eksisterande infrastruktur, medrekna veg, vatn og avlaup, får ikkje verknad for arealoverføring som omsøkt.

#### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

#### **VEDTAK:**

*«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-4, jf. 20-2, jf. 20-1 bokstav m), løyve til arealoverføring frå gbnr. 1/3 til gbnr. 1/263, som omsøkt, jf. søknad og vedlagt situasjonskart journalført motteke 20.06.2019.*

*Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på areala vert fastlagd i samband med gjennomføring og oppmålingsforretning etter matrikkellova.*

*Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.*

*Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedsregistrering, jf. pbl § 21-9.»*

\*\*\*\*\*

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

**Gebyr**

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3,28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Hanne Marie Evensen  
Juridisk rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Situasjonskart

**Kopi til:**

Fnp-Eiendom AS

Burkhovdane 1 5914

ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Johan Henrik Flatøy

Solberget 7 5918

FREKHAUG